



Slik sorterer du avfallet ditt

Ring tlf. 952 53 515 dersom dunken ikkje vert tømt som avtala.

Les om **kva avfallet vert til** på neste side →


Bio

Mat- og hageavfall frå hushaldninga, utan emballasje.




TIPS

- Plastposar i bioavfallet øydelegg komposteringsprosessen.
- Det kan vera lurt å bruke bioposar for å hindre lukt og hindre dunken i å bli ekstra tilsmussa.
- Prøv å unngå å leggje lauv, hageavfall og sagftis i botn på dunken då dette lett pakkar seg.
- Glas er ikkje komposterbart.
- Reingjer dunken etter tømning.
- Ei avis i botnen kan vera lurt om vinteren, slik at avfallet ikkje fryr fast.




Papir

Papir og kartong som ikkje er fuktig eller tilsmussa.



TIPS

- Prøv å ikkje stapp for mykje, då papiret lett kan sitje fast. Spesielt gjeld dette t.d. pizzaesker og anna papp.
- Store esker kan også rivast opp for å unngå at dei sit fast.
- Papiret må ikkje vera vått eller tilgrisa.
- Du treng ikkje fjerna stiftar og limband.
- Alle drikkekartongar skal gjenvinnast; både store og små, med og utan skrukork eller lok. Kast kartongane i papirdunken.



Rest

Blandingsavfall og avfall som ikkje har ein plass i andre sorteringsordningar.




TIPS

- Grovt avfall skal på miljøsentralen.
- Unngå å overfylle dunken, så slepp ikkje fuglar og andre dyr til i avfallet.
- Urein plast kan gå i rest.



Plastemballasje

Plast som har vore emballasje, og som er rein og tørr.



TIPS

- Samla rein og tørr plastemballasje i dei blanke spesialsekkene du får utlevert frå SIM.
- Plasser sekken attmed, eller heng han på papirdunken på tømmedagen for papir- og plastavfall.
- Er du i ferd med å gå tom for plastsekker, knyt ein sekk for plastemballasje på papirdunken – så vil sjåføren leggja ein ny rull på papirdunken etter at han er tømt. Du kan også henta deg ein rull på næraste miljøsentral.
- Plastemballasje som luktar skal ikkje i sekken. Dersom du ikkje får plasten rein med kaldt vatn, kast i restavfallet.



Glas og metall

Glas og metall det har vore mat og drikke i.



LEVERING: I SIM sine konteinerar for glas og metall, eller på miljøsentralen.

TIPS: Keramikk, drikkeglas, koppar, fat o.l av glas, skal ikkje i konteinaren.

Tekstil/klede

Alle typar sko, tekstilar og klede.



LEVERING: På miljøsentralen. Sekker til tekstil/klede kan du få ved alle SIM sine miljøsentralar.

TIPS: Det gjer ikkje noko om tekstilane/kleda er øydelagde. Fretex nyttar dei i så tilfelle om igjen som nye «råvarer».

Farleg avfall

Avfall som kan forureina eller gjera skade på menneske eller dyr.

LEVERING: På miljøsentralen.

TIPS: Er du i tvil? Levèr det som om det skulle vera farleg. Hugs å merke flasker/boksar med innhald.



SIM

Dunk ikkje tømt?

Ring vaktllf. nr. 952 53 515.



Dunk øydelagt / byte dunk?

Ring vårt sentralbord på tlf. nr. 53 45 78 50
eller send mail til sim@sim.as.



Me har byterunde kvar 5. veke.
Dunken kan òg bytast på våre miljøsentralar.

Sjå ellers www.sim.as for meir informasjon om til dømes:

- sorteringsguidar på andre språk
- tømmekalender
- tømmedag
- prisar
- ryddeaksjonar
- kompostering
- konteinarutleige



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
E-post: sim@sim.as
www.sim.as

Kva vert avfallet til?

Bioavfall:

Vert til ny kompostjord som ein kan kjøpe på alle SIM sine miljøsentralar.



Papiravfall:

Vert til nytt papir / ny kartong.



Restavfall:

Går til energigjenvinning og vert til straum og fjernvarme.



Plastemballasje:

Vert til nye produkt i plast. Til dømes kassar, boksar, søppelbøtter, snøskuffer, kontorstolar, blomsterpotter, røyr, slangar, kleshengerar, tekstilar (fleece), bildeler, drikkeflasker, folie, bæreposar m.m.



Farleg avfall:

Vert deponert eller destruert.



Glas- og metallemballasje:

Vert til nytt glas, skumglass, isolasjon, spiker, skruar, binders, hagereiskap, emballasje, bilfelgar og sykkeldeler.



Last ned SIM-appen ved å søkja på «SIM tømmekalender» i **Google Play™** eller **App Store®**.



Besøk oss på Facebook
facebook.com/SIMrenovasjon



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

1. okt.–31. mars.: Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLØ, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

1. okt.–31. mars.: Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHØRAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

1. okt.–31. mars.: Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00 - Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIØ, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

1. okt.–31. mars.: Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00